

Dykkar ref.:

Vår ref.:

52103427/52103427-Søknad om mindre endring av plan.docx

Dato:

2023-05-11

## ► Søknad om mindre endring av reguleringsplan for Bergslie - Blurnes

På vegne av heimshavar søker Norconsult AS om endring av deler av *reguleringsplan for Bergslie – Blurnes, PlanID 1986001* i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 12-14 andre ledd. Med endringa ynskjer ein å tilpasse arealformål til dagens eigedomsgrenser og faktisk bruk. Endringa gjeld tilpassing av arealformål til offentleg pumpestasjon for avløp og privat areal til utleiehytter/naust.

Saka gjeld 2 eigedomar, 25/53 med heimshavar Aslak Læg Reid og 25/241 med Eidfjord kommune som heimshavar. Det er avklara med Eidfjord kommune si planavdeling at saka kan søkjast om som endring i medhald av pbl. § 12-14 andre ledd.

### Bakgrunn

Gjeldande reguleringsplan for området er vedteken i 1986. Den kommunale eigedomen vart oppretta i 1991 med seinare endringar av eigedomsgrenser i 2013. Arealformål i gjeldande reguleringsplan samsvarar ikkje med faktisk bruk og dagens eigedomsinndeling.




Til venstre: Markert område viser areal avsett til offentleg. Til høgre: Markert område viser kommunal eigedom 25/241

## Framlegg til endring i plankart

Det vert søkt om å endre plankartet slik:

- Den kommunale egedomen vert sett av til offentleg område for avløpsanlegg.
- Arealet vert sett av til anna veggrunn.
- Arealet innafor eigedom 25/53 som i dag er regulert til off.område vert endra til utleigehytter/naust.



Til venstre: Nye arealformålsgrenser markert med blått på gjeldande plankart.  
Til høgre: Nye arealformål illustrert saman med gjeldande plankart.

## Vidareføring av gjeldande føresegner

Det er ikkje behov for endring av gjeldande føresegner, då arealformåla vert vidareført.

## Grunngjeving for endringsbehovet

Formålet med planendringa er å sørge for at dei regulerte forholda vert i tråd med faktisk bruk av areala. Slik situasjonen er i dag er kommunen sitt etablerte VA-anlegg etablert på eit areal som er avsett til naust. Avløpspumpestasjonen skal ikkje flyttast og det er frådelt eigen eigedom 25/241 til kommunal bruk. Det vil ikkje vera behov for ytterlegare kommunale installasjonar i området, og kommunen ynskjer ikkje å erverve større areal enn det som dei allereie eig.

Eigedomen 25/53 vert gitt same arealformål som tilgrensande areal mot vest. Arealet vert dermed ei naturleg forlenging av dagens utleigehytter/naust.

## Vurdering av ulike omsyn

- Tilkomst – Planendringa medfører ikkje behov for endra tilkomstløyising.
- Eit areal som i kommune kart.com vert vist som privat småbåtanlegg «Naust 1», vert med endringsframlegget innlemma i det kombinerte formålet utleigehytter/naust. Føresegnene som vert vidareført uendra for utleigehytter/naust heimlar framleis tiltak som er tiltenkt innafor naustformålet. Ein ser difor ikkje noko ulempe i å inkludere naustformålet i utleigehytter/naust.

- Friluftsliv/strandsona – Arealet som er omfatta av planendinga vert i dag lite eller ikkje nytta til utøving av friluftsliv, då området ikkje er særleg tilgjengeleg. Planendinga vil, slik me ser det, ikkje medføre endra forholdet til strandsona. Det er lagt inn 4 meter byggegrense mot sjø. I samband med etablering av kommunal pumpestasjon vart det sett opp ein natursteinsmur mot sjøen, denne gjer at det i dag ikkje er noko naturleg opphaldsområde i fjæra ved sjøen. Ved å setje 4 meter byggegrense vil ein sikre mogleg friluftslivsferdsel mellom naust/bygg og sjøen.
- Natur – Området som inngår i planendinga er i gjeldande plan sett av til byggeføremål. Ein vurderar at det ikkje ligg føre viktige naturhensyn for området, og at naturhensynet ikkje vert endra som følgje av den føreslåtte formålsendinga.

### **Planending**

Det vert søkt om endring av plan i medhald av pbl § 12-14 andre ledd. Forslagsstillar har saman med planavdelinga i kommunen vurdert at endringa i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen og at hovuddrammene i planen vert uendra. Det vert ikkje opna for ny arealbruk enn det som området allereie er regulert til. Det er vidare vurdert at viktige natur- og friluftsområde ikkje vert råka av planendinga.

Med bakgrunn i informasjonen og grunngjevinga over, vil me be om at kommunen handsamar søknaden om endring av reguleringsplan i medhald av pbl § 14-12 andre ledd.

Venleg helsing



Katrine Myklatun  
Norconsult AS

Vedlegg:

Plankart på PDF  
Plankart på SOSI